



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Ein giftig prosess – pandemi og
høgreradikalisering

A poisonous process – the pandemic and
right-wing radicalization

Josef Benoni Ness Tveit
Kandidatnummer 211

SO590 Bacheloroppgåve i sosiologi
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) / Institutt
for samfunnsvitskap / Sosiologi – Ungdomssosiologi
Rettleiar Oddvar Kjell Storebø
Innleveringsdato

Samandrag

Denne bacheloroppgåva handlar om det er rimeleg å anta at Covid-19-pandemien kan bidra til ei auka høgreradikalisering av norsk ungdom. Oppgåva tek utgangspunkt i nokre faktorar lagt til grunn for at Politiets tryggleiksteneste (PST) meiner slik ei auka radikaliserings vil skje og ser på kva litteraturen om ekstremisme og radikaliserings seier om desse.

Oppgåva nyttar ei pluralistisk tilnærming både for å hente inn relevant litteratur og i kva form denne litteraturen er. Kvantitativ statistikk, kvalitative intervju og personlege soger frå tidlegare ekstremistar er alle nytta. Sosial isolasjon, økonomisk uvisse, konspirasjonsteoriar og tidsbruk på internett under pandemien i Noreg vert skildra og sett opp mot norsk og internasjonal litteratur og forskning.

I samspel dannar alle desse faktorane eit bilete av mogleg auka radikaliserings. Nokre aktørar kan som følgje av pandemien både finne grunnlag for og moglegheit til å engasjere seg i høgreradikalisme, anten åleine eller som medlem i ei gruppe. Fleire bitar må likevel treffe og hamne saman for at ein gitt aktør skal hamne i ein radikaliseringsprosess.

Summary

This bachelor's thesis is about whether it is reasonable to assume that the Covid-19 pandemic can contribute to an increase in right-wing radicalization of Norwegian youths. The thesis is based on several factors the Norwegian Police Security Service (PST) assume goes on and increases this radicalization. This text will explore what the literature on extremism and radicalization says about these factors.

The thesis utilizes a pluralistic approach to both gathering relevant literature and in what form this literature is. Quantitative statistics, qualitative interviews and personal accounts from former extremists are all used. Social isolation, economic uncertainty, conspiracy theories and time spent on the internet during the pandemic in Norway are all described and compared to Norwegian and international literature and research.

In interaction, all these factors form an image of possible increased radicalization. As a result of the pandemic, some actors may find both a basis for and an opportunity to engage in right-wing radicalism, either alone or as part of a group. However, several pieces must fall and fit together for any given actor to end up in a radicalization process.

Føreord

2020 var eit år fylt av uvisse for mange. Uvisse kring helse, økonomi, framtida og kva som faktisk føregjekk til ei kvar tid. Unge hadde det på mange måtar spesielt ille. For medan foreldregenerasjonen kunne ta med seg kontoret heim, var ikkje det like lett for dei som budde i tronge kollektiv. Mange vart permitterte, men studentar som miste inntekta si stod ofte heilt utan tryggleiksnett. Verst var det nok for dei som budde åleine i ein by vekk frå familie og åtskilt frå sine sosiale liv. Midt i alt dette kunne vi sjå, vi som har interesse for høgreekstremisme, at mange bitar verke falle på plass i eit urovekkande mønster. Då PST i si tryggleiksvurdering for 2021 for (berre) andre gong likestilte trusselen frå høgreekstremistar med den frå ekstreme islamistar, fann eg min inngang til denne oppgåva.

Eg har lært mykje i arbeidet med denne oppgåva. Særleg om temaet høgreekstremisme og -radikalisering. Noko eg lenge har hatt ei interesse for fekk eg med dette anledning og hjelp til å dykke litt djupare ned i. Framleis er det mykje å lære og mykje å oppdage.

Eg vil rette ei stor takk til rettleiar Oddvar Kjell Storebø for grundig rådgjeving og medstudentar Johanne Halland Fridtun og Sophie Valland Skrede for stødig samspel denne våren.

Leira i Valdres 20. mai 2021
Josef Benoni Ness Tveit

Innhald

1.0 Innleiing	- 4 -
1.1 Pandemi og radikalisering – ei problemstilling	- 5 -
1.2 Kvifor ungdom?	- 5 -
1.3 Kvifor høgreradikalisering?	- 7 -
2.0 Omgrep og verktøy	- 7 -
2.1 Radikalisme eller ekstremisme?	- 7 -
2.2 Radikaliseringas kognitive og åtferdsmessige dimensjonar – haldning og handling	- 8 -
2.3 Ein prosess – eller faktorar i ein prosess	- 9 -
2.4 Radikalisering som tverrfagleg felt	- 9 -
3.0 Kjeldeutval og framgangsmåte	- 10 -
3.1 Ikkje ei jakt på kausale bindingar	- 11 -
3.2 Ei pluralistisk tilnærming	- 11 -
3.3 Anerkjenningar	- 12 -
4.0 Pandemi og radikaliseringsprosessar	- 12 -
4.1 Einsemd som faktor	- 12 -
4.2 Konspirasjonisme	- 16 -
4.1 Konspirasjonsteoriar	- 16 -
4.2.2 Konspirasjonisme og pandemien	- 17 -
4.2.3 Betyr meir konspirasjonisme meir radikalisme?	- 19 -
4.3 Bruk av internett	- 20 -
4.3.1 Eit verktøy for radikalisering?	- 21 -
4.3.2 ... eller berre eit verktøy?	- 22 -
5.0 Konklusjon	- 25 -
6.0 Litteratur	- 27 -

1.0 Innleiing

«Det forventes at flere vil radikaliseres til høyreekstremisme i 2021». Politiet si tryggleiksteneste (PST) er klare i si nasjonale trusselvurdering for 2021. Høgrekestrem vald har vore eit fenomen i Noreg i mange tiår – frå bokhandelen Oktober vart sprengd i 1977, bombeangrepet mot 1. mai-tog og Blitz, drapa på Benjamin Hermansen og Mahmed Jamal Shirwac, angrep på asylmottak i slutten av 2010-talet og Philip Manshaus sitt terrorangrep i 2019. Og sjølvsagt 22. juli-terroren i 2011 då 77 menneske miste livet – dei fleste barn og unge vaksne. For dei som hugsar desse hendingane og ikkje minst dei som overlevde dei, kan PST si føreseiing vere urovekkande.

Tryggleikstenesta meiner at «fleire forhold» bidreg til å auke risikoen for høgrekestrem radikalisering: «For det første ligger høyreekstreme ytringer og propaganda lett tilgjengelig på internett. For det andre har Covid-19 skapt større usikkerhet i samfunnet, blant annet knyttet til økonomi og arbeidsledighet. Sosial isolasjon kan bidra til at flere bruker tid på internett. Enkelte kan trekkes mot mer ekstreme fora.» (PST, 2021, s. 23). Det er ut frå dette avsnittet denne oppgåva vel radikaliseringsfaktorar å fokusere på: sosial isolasjon, individuell økonomisk og sosial uvisse, konspirasjonisme og bruk av internett. Generell uvissheit og arbeidsløyse vert vektlagd mindre grunna oppgåvas avgrensingar, men er eit interessant tema i seg sjølv.

Innanfor ei bacheloroppgåve har eg ikkje moglegheit til å skaffe meg ei brei oversikt over forskingsfeltet, men Bjørge og Gjelsvik 2015 er etter det eg kan finne den beste samanfattainga av norsk forskning på ekstremisme og radikalisering. Frå 1980- til 2000-talet nytta sentrale forskarar som Tore Bjørge sjølv, Katrine Fangen og Yngve Carlsson gjerne kvalitative intervju og deltakande observasjon for å skildre høgrekestreme organisasjonar og hatkriminalitet som fenomen. Etter 2011 verkar fokuset ha endra seg meir i retning radikaliseringssprossar. Medan nokre journalistar og forfattarar (og den første sakkyndigkommissjonen i rettsaka etter 22. juli) fokuserte på psykologiske forklaringar på den einskilde terroristens handlingar, ynskja dei tidlegare nemnde forskarane nytte ei meir pluralistisk tilnærming, der dei også la vekt på sosiologiske forklaringar (Bjørge & Gjelsvik, 2015, s. 19-101). Det verkar til å dei siste ti åra ha vore generelt konsensus om at radikalisering og ekstremisme som fenomen bør analyserast frå fleire hald: psykologi og individuelle historier kan gje forklaringar for korleis aktørar vert marginalisert og disponert for radikalisering, medan sosiologiske analysar betre kan forklare korleis desse prosessane føregår i eit samfunn. Noko nyare forskning har teke i bruk *sosialpsykologi* – ein psykologi med innslag av sosiologisk interaksjonisme – som verktøy, som igjen syner at fenomenet ofte krev ei pluralistisk tilnærming (Hug, 2013, s. 19; Borum, 2011, s. 20). Generelt er forskinga, både norsk og internasjonal, einig om at faktorane som vert diskutert i denne oppgåva spelar ei rolle i radikalisering (Vergani et al, 2018, s. 861-864). Den faglege diskusjonen kring desse går på vektning mellom dei og val av metode, samt pågåande diskusjonar kring deradikalisering.

Eg vil i denne oppgåva vektlegge det som kan utforskast sosiologisk, og forsøkje sette den eksisterande litteraturen i ein oppdatert kontekst for å gje eit noko meir utfyllande bilete av det det verkar til at PST legg til grunn for si vurdering.

I første del av denne oppgåva presenterer eg problemstillinga for teksten og kjem med ei avgrensing av denne. Vidare skal eg bringe fram omgrep og definisjonar som er naudsynte for diskusjonen. I metodekapittelet vil eg gje innsyn i framgangsmåte for val av kjelder. I oppgåvas hovuddel vil vi sjå på kva litteraturen har å sei om dei utvalde radikaliseringsfaktorane, og korleis dette passar inn i situasjonen under pandemien. Til slutt vil eg presentere ein svak konklusjon og tankar om vidare forskning. Ein svak konklusjon er ein som antydar heller enn gjev eit eintydig svar på problemstillinga for oppgåva.

1.1 Pandemi og radikaliseringsprosess – ei problemstilling

Med bakgrunn i dei grunnane PST legg fram; er det rimeleg å tru at pandemien kan bidra til ei sterkare høgreradikalisering av norsk ungdom? Dette vert problemstillinga denne oppgåva vil forsøkje svare på. Spørsmålet er ganske breitt, og vil krevje ei avgrensing før vi går vidare med oppgåva.

Først av alt – kvifor er pandemien relevant? Sidan Covid-19 vart oppdaga i Kina i desember 2019, og spesielt etter nasjonale tiltak i Noreg og fleire andre land vart sett inn i mars 2020, har samfunnet opplevd ein heilt spesiell situasjon. Hendinga har påverka folk over heile verda, frå det internasjonale samfunnet og handel til folks kvardag og kontakt med sine nære. Pandemien har i Noreg ført til restriksjonar på sosiale samankomstar, påverka næringsliv og arbeidsplassar, stengt skular og fritidsklubbar og pålagt mange å halde seg heime over lengre tid. Fleire av konsekvensane av pandemien og det offentlege sin respons på den er attkjennbare som faktorar i radikaliseringsprosessar av enkeltpersonar. Målet med denne oppgåva vert å samle noko av denne tidlegare forskinga i ein tekst, og gje eit tentativt innblikk i om det er rimeleg å tru at fenomenet som følgje av Covid-19 kan bidra til ei sterkare høgreradikalisering av unge.

1.2 Kvifor ungdom?

Omgrepet «ungdom» er eit kontekstuel fenomen i sosiologien. For denne oppgåva sin del snakkar eg om ungdom som menneskje som er i ein etablerande og eksplorerande fase, og forskinga vi kjem til seinare i oppgåva gjeld både ungdomsskuleelevar og studentar ved høgare utdanning.

Den moderne ungdomstida er ein periode som for unge menneske er prega av utvikling. Ein utviklar eigenidentitet, definerer si rolle i sosiale grupper, går gjennom utdanning, og skal forme sitt eige sjølv. Som Vestel og Bakken (2016) skriv, vil nokre ungdom ha avklaring på korleis verda er sett saman og fungerer – eksistensielle og av og til religiøse spørsmål. «(...) og ikkje minst [vil dei ha avklaring], i spørsmål om samfunnets maktforhold slik disse manifesterer seg i den posisjonen de selv og deres nærmeste befinner seg i.» (Vestel & Bakken, 2016, s. 27). Alt dette, meiner forfattarane, gjer unge menneske spesielt mottakelege

for retorikken og haldningane ein kan finne på ytterkantane av politikk og religion (Vestel & Bakken, 2016, s. 27; Moestue, 2018, s. 132-144). Her på ytterkantane finn ein «enkle» forklaringar på korleis samfunnet fungerer og kvifor ting er som dei er. Det er Guds vilje eller det er jødane som står bak endring i kulturen, det er globalistar og kulturmarxistar som 'øydelegg' verda. Dette kan vere mykje lettare å formidle og lettare å bli engasjert i enn å setje seg inn i aktør-struktur-problematikk eller å lese ulne sosiologiske perspektiv. I tillegg er ungdom ei eksplisitt målgruppe for radikaliseringsprosessen i so stor grad at det er skrivne manualar for ekstremistar om korleis å rekruttere dei (Moestue, 2018, s. 135; Klungtveit, 2020).

Mange av dei som utfører høgreekstrem terror er unge. Om dei var i tjuetredveåra då handlingane deira vart utførte, kan dei likevel ha vore yngre då sjølve radikaliseringsprosessen skjedde. Phillip Manshaus var 21 då han drap søster si og angreip Al Noor-moskeen i Bærum. Patrick Crusius var 21 då han drap 23 menneskje i El Paso, Texas. Dylann Roof var også 21 då han skaut og drap ni i ei kyrkje i Charleston, Sør-Carolina. Nynazistane Ole Nicolai Kvisler og Joe Erling Jahr var 22 og 20 år då dei saman med ei 17 år gamal jente drap Benjamin Hermansen.

Men ikkje alle høgreekstreme er unge. Anders Behring Breivik var 32 i 2011 og Robert Gregory Bowers var 46 då han angreip ein synagoge i Pittsburgh, Pennsylvania. Breivik sitt ideologiske førebilete, Peder Are Nøstvold Jensen, også kjend som Fjordman, er heller ikkje noko ungdom. Likevel: både Breivik og Jensen gjekk gjennom radikaliseringsprosessen som ungdommar, skriv Vestel og Bakken (med referanse til Sætre 2012 og Borchgrevinck 2013).

Snittalderen og medianalderen for radikaliseringsstidspunktet til aktive personar i nynazistiske miljø i Noreg var i 2019 på 27 år (PST, 2019, s. 5). Dette talet var betydeleg høgare om ein isolerer dei PST i rapporten kallar innvandringsfiendtlege eller islamfiendtlege. Då var snittalderen 40 år og medianen 41 år. Dei som igjen hadde «ein fot i begge grovkategoriane» hadde tal ned på 31 og 27 år. PST skriv at radikaliseringsstidspunktet sprikar frå 15 år til 63 år, og at snittalderen har blitt høgare sidan 90-talet. Dette er mellom anna forklart av at dei som vert radikalt islam- og innvandringsfiendtlege stort sett er eldre menn. Men, som det står i rapporten: «Det er krevende å definere et konkret tidspunkt for radikaliseringsprosessen. Radikaliseringsprosessen er sjelden en lineær prosess, men heller dynamisk og springende der mange forhold spiller inn» (PST, 2019, s. 4). Altso vil sjølve *radikaliseringsprosessen* ta til før ein faktisk når det punktet at ein godtek eller fremjar ikkje-legitim vald for å oppnå politiske eller religiøse mål.

Ved å nytte Noreg som avgrensing, kan eg nytte data om ungdom frå utdanningsinstitusjonane våre, dei nasjonale retningslinjene som vert aktuelle vil vere gjeldande for alle, og det vil gjere denne oppgåva handterbar. I tillegg er det situasjonen i Noreg PST naturleg nok fokuserer på, og dette er med på å legge premissa for denne oppgåva si problemstilling.

1.3 Kvifor høgreradikalisering?

Radikalisering skjer jo på fleire frontar, so kvifor fokuserer eg her på høgreradikalisering? Mange av dei kjende prosessane som bidreg til radikalisering er like om ein snakkar om radikalisering til høgreekstremisme, islamisme eller venstreekstremisme. Og ungdommane som vert involvert i dei ulike tankegangane er ofte i utgangspunktet om ikkje i same båt, so i alle fall i ein liknande ein.

Likevel er det høgreekstremismen som har valda mest skade i Noreg gjennom terroraksjonar, drap, valdshandlingar og hatkriminalitet. Då dette er sagt, skal det nemnast at radikalisering ikkje naudsyntvis leier til terrorisme eller valdshandlingar. «Nonetheless, the fact that radicalisation leading to terrorism is a fringe phenomenon should not lead us to underestimate it but should instead contribute to properly frame the problem. This is particularly so given the potential growth of the phenomenon» (Reinares et al, 2008, s. 10). Det at radikalisering og radikale handlingar ikkje naudsyntvis manifesterar seg i valdshandlingar, kjem vi attende til i kapittel 2.2.

Fokuset i denne teksten vil vere på radikaliseringssprosessar. Som fleire artiklar peikar på, er det ikkje lenger vanleg å profilere radikale personar for å finne årsak til radikaliseringa i typiske trekk ved individuelle aktørar. Det moderne forskning, inkludert denne oppgåva, heller vil fokusere på er dimensjonar, prosessar og vegar radikalisering skjer i og gjennom. Dette er eit fokus som har synt «meir potensielt lovande resultat» for å bygge ei forståing av fenomenet og korleis ein kan bygge preventive intervensjonar og hindre vald og terror (Reinares et al, 2008, s. 11).

2.0 Omgrep og verktøy

Eg har allereie byrja å ta i bruk terminologi som er sentral for oppgåva. Spesielt omgrep som «radikalisering» og «ekstremisme» er ord med mykje sosial tyngd og ulike definisjonar i offentlegheita, men også innad i akademisk forskning kring temaa. Difor vil dette kapittelet gje ei meir tydeleg avklaring på kva definisjonar denne oppgåva gjer nytte av, samt gje eit innblikk i fenomenet.

Radikalisering er ein prosess som kan finne stad på mikro-, meso- og makronivå. Mindre samfunn, nettfora, organisasjonar eller heile politiske parti kan hamne i ein slik prosess, og her kan ein nok finne mykje som er interessant å utforske sosiologisk. Det denne oppgåva vil legge vekt på, er individuelle radikaliseringssprosessar sett frå eit subjektivt nivå. Eg vil fokusere på kva faktorar som kan presse eller trekke einskilde aktørar inn i fenomenet.

2.1 Radikalisme eller ekstremisme?

I daglegtale og i media kan ein fort finne ord som «radikal» og «ekstrem» brukt om ein annan. Det ber med seg bilete av brennande bygningar, videoar av varebilar på fortau og ein mann utkledd som politi på ei øy i Tyrifjorden. Men om vi skal ha ein nyttig diskusjon om radikalisering av ungdom, må vi kontekstualisere desse bileta.

Radikalisering er eit ord det er vanskeleg å definere, fordi korkje academia eller politikken har ei felles forståing for temaet (Borum, 2011, s. 9). Eg kan byrje med PST sin definisjon av ordet, ettersom eg byrja oppgåva med deira rapport: «Radikalisering er prosessen der en person utvikler aksept for eller vilje til aktivt å støtte eller delta i voldshandlingar for å oppnå politiske, religiøse eller ideologiske mål» (PST, 2021, s. 20). Dette er ein ganske brei definisjon, men den vektlegg tidleg i setninga det som eg ser på som sentralt for radikalisering som fenomen: at det er ein *prosess*. Dagleg leiar i Minotenk, Linda Noor, deler PST sin definisjon og meiner at *valdeleg ekstremisme* er «enden av radikaliseringsprosessen, hvor man selv bruker vold for å forsvare sine politiske meninger og angripe sine meningsmotstandere» (Noor, 2018, s. 50). Der er altså eit skilje mellom radikalisering og ekstremisme. Men endar radikalisering alltid opp i valdeleg ekstremisme?

Nei. Radikalisering er ein dynamisk og springande prosess (PST, 2019, s. 4). Aktørar entrar inn i prosessen på eit utal ulike måtar, av eit utal ulike grunnar og kanskje av ei spesiell «kampsak» som dei seinare i prosessen kan utvide eller dykke djupare ned i (Danskin, 2019, 18:02). Vegene inn og eventuelt vidare i radikaliseringsprosessen kan vere styrt av andre eller av tilfeldigeheit og hendingar (Olsen, 2018, s. 14-20). Organisasjonar som Senter for ekstremismeforskning ved UiO (C-REX) skil mellom høgreradikalisme og høgreekstremisme – både eit produkt av ein radikaliseringsprosess. Høgreradikalisme er ein paraplyterm for ideologiar som ber preg av ein «illiberal motstand mot likskap», altså høgorienterte grupper som engasjerer seg for radikal endring av samfunnet, men ynskjer å operere delvis innan det demokratiske systemet – berre ikkje eit system som ser minoritetar som likeverdige majoriteten (Jupskås & Leivig, 2020, s. 10-12). Dette kan til forveksling virke likt høgreekstremisme, men ideologiane som fell under denne termen er kjenneteikna av *aktivt antidemokratiske haldningar* og inkluderer, som namnet viser til, dei meir ekstreme ideologiane på høgresida, som nazisme og fascisme (Jupskås & Leivig, 2020, s. 7-9). C-REX hevdar at det er denne siste gruppa av ideologiar – høgreekstremisme – som er mest assosiert med politisk motivert vald (Jupskås & Leivig, 2020, s. 7). Vegene mot ein tankegang som legg til rette for at ein aktør kan hamne desse kategoriane er lik; det er gjennom ei eller annan form for radikalisering.

Det vi er interesserte i i denne oppgåva er altså radikalisering – *prosessen* i retning valdeleg høgreekstremisme eller valdeleg høgreradikalisme, ikkje det å halde ein radikal posisjon. Likevel vil eg ved fleire høve nytte døme henta frå høgreekstrekte aktørar og nokre valdelege terroristar. Dette kjem vi attende til i kapittel 3.0.

2.2 Radikaliseringas kognitive og åtferdsmessige dimensjonar – haldning og handling

Når ein snakkar om radikalisering er det viktig å skilje mellom to dimensjonar: den kognitive og den åtferdsmessige. Svært mykje av litteraturen som diskuterer temaet understreker tydeleg at ein må trekke grenser mellom desse, ettersom aktørar som berre vert radikalisert i den haldningsmessige dimensjonen bør handterast annleis enn dei som faktisk gjennomfører

valdelege handlingar.¹ Kognitiv radikalisering er prosessen der ein aktør gradvis godtek eller går god for politiske idear og verdiar som står i opposisjon til fundamentale verdiar og normer i samfunnet, inkludert valdelege handlingar (Jupskås & Leivig, 2020, s. 39). Åtferdsmessig radikalisering er kjenneteikna ved at aktøren aktivt deltek i ekstreme aktivitetar, om enn desse er valdelege eller ikkje. «Difor kan radikalisering sjåast på som ein sosial og psykologisk transformasjon der eit individ i aukande grad tek til seg eit ekstremistisk trussystem, uavhengig av om det til slutt resulterer i faktisk vald eller ikkje» (Jupskås & Leivig, 2020, s. 40).

2.3 Ein prosess – eller faktorar i ein prosess

Det eg har forsøkt å understreke i dette kapitlet, er at ein må kvitte seg med noko av bagasjen knytt til ordet «radikalisering» før ein går vidare med denne oppgåva. Radikalisering er *prosessen* eit individ går gjennom der ein i aukande grad tek avstand frå sosiale normer og aukar sympatien for ekstreme haldningar. Det er ein dynamisk prosess med mange inngangar og haldeplassar aktørar kan entre eller sorti. Det leiar ikkje naudsyntvis ein aktør til å forkaste demokratiske prinsipp og heller ikkje til å delta i valdelege handlingar. Terror, som gjerne er den «siste» haldeplassen vi ser føre oss for radikaliserande individ, skjer svært sjeldan – men dette betyr ikkje at radikalisering ikkje kan vere skadeleg for både den einskilde aktør, hans næraste relasjonar og samfunnet som heilskap.

Som nemnd i kapittel 1.3 er det sosiale fenomen, faktorar, som er kjende delar av ulike radikaliseringsprosessar eg ynskjer å sjå på i denne oppgåva. Slike prosessar *som heilskap* er svært komplekse tema som framleis er opne for utforsking, og altfor ambisiøse å diskutere i ei bacheloroppgåve (Borum, 2011, s. 15). Eg tek difor føre meg nokre få faktorar i radikaliseringsprosessar.

2.4 Radikalisering som tverrfagleg felt

Radikalisering er eit fenomen som strekkjer seg over mange ulike felt. Tradisjonelt har psykologifaget spelt ei stor rolle i å forme vår forståing for fenomenet, og spesielt psykologiske studiar gjort på den enkelte aktuelle aktør (Hug, 2013, s. 17). Dette synte seg i den offentlege diskursen i Noreg ei stund etter åtaka 22. juli 2011 (Bjørge & Gjelsvik, 2015, s. 76²). For kan ein person som har gjort noko slikt vere ved sine fulle fem? Og om hen ikkje er det, skal hen bli straffefølgd på ein annan måte enn om angrepet var gjort av ein som visste nett kva hen gjorde? Om det ikkje er eit svar på det rettslege spørsmålet, har i alle fall forsking kunne synt til at einslege terroristar som er driven av ideologi er meir farlege for samfunnet enn psykisk sjuke menneskje som tilfeldigvis også er ideologar (Capellan 2015). Samstundes syner forskinga at terroristar sjeldan er psykotiske eller sosiopatar (Reiss, 2018, s. 70). Likevel lid einstøingar som utfører terrorhandlingar betydeleg meir av psykiske lidingar

¹ Porta & LaFree 2011, Jupskås & Leidig 2020, Vergani, Iqbal, Ilbahar & Barton 2018, Vestel & Bakken 2016, Reiss & Noor 2018

² Kjelda referert til er ein litteratur- og kunnskapsstudie om førebygging av radikalisering, men syner at psykologiserte forklaringar bak 22. juli-terroristen si radikalisering var populære, men omdiskuterte.

enn radikale eller ekstremistar som er medlem av ei gruppe – heile 13,5 gongar so mykje (Berntzen, 2018, s. 86; Ekornås, 2018, s. 123).

Uansett er der forskarar på feltet som hevdar at radikalisering er so komplekst at det ikkje kan sjåast på gjennom ein spesifikk teori eller disiplin (Hug, 2013, s. 16). Tidleg psykologisk forskning leita etter patologiske trekk ved einstilte radikale eller ekstremistar for å finne noko som kunne skilje dei frå «normale» menneskje – ein ide som no lét til å vere utdatert (Borum, 2011, s. 14). Likeeins har ein feila i å profilere dei som endar som terroristar – trass at ein kan finne attgåande trekk. Desse trekka har sosiologien kunne teke tak i. Sosiologar har debattert samanhengar mellom sosial ulikskap, mangel på utdanning og moglegheiter og relativ deprivasjonsteori og kan syne til at *subjektiv fattigdom* kan vere ein sentral drivar bak radikalisering. Ein slik fattigdom er ei subjektiv oppleving av mangel, og kan vere relativ. Relativ deprivasjonsteori meiner det er denne subjektive fattigdomen, heller enn faktisk økonomisk status eller verdi, som påverkar aktørars kjensler og handlingar (Hug, 2013, s. 18; Kimmel, 2018, s. 47). Alle desse faktorane er som nemnt under debatt, fordi dei ikkje åleine kan fullt ut forklare radikalisering som fenomen.

3.0 Kjeldeutval og framgangsmåte

Denne oppgåva vil som sagt ta i bruk litteratur om radikalisering for å gje eit innblikk i og utforske om dei sosiale fenomena PST trekkjer fram kan føre til ei auka høgreradikalisering hjå ungdom. Som nemnt i det førre kapittelet er radikalisering eit tema som strekkjer seg over fleire ulike felt og teoriar. Innanfor rammene til denne oppgåva har det ikkje vore mogleg å få ei fullstendig oversikt, korkje over norsk eller internasjonal forskning. Søk etter og utval av litteratur har soleis vore ein samansett prosess. Til dømes har boka *Radikalisering. Fenomen og forebygging* (Reiss & Noor, 2018) vore ei viktig kjelde for delar av denne oppgåva. Boka vart vald grunna at tematikken var relevant, den var skriven relativt nyleg og forfattarane har stillingar eller roller som gjer dei til autoritetar på utvalde tema. Nokre av tekstane er meir akademiske og empiridrivne enn andre, og eg valde ut dei eg såg som relevante for å svare til problemstillinga til denne oppgåva. I tillegg vart artiklar, bøker og forfattarar frå kapitla sine litteraturlister også relevante å hente fram. Nokre artiklar, slik som Borum 2011, vart referert til ved fleire høve, og også denne oppgåva har drege nytte av hans arbeid.

I tillegg har det å leite opp tekstar og bøker av leiande aktørar i norsk ekstremismeforskning, som t.d. Tore Bjørgo og andre forfattarar ved C-REX, Noregs leiande senter for ekstremismeforskning, vore ein måte å skaffe relevant litteratur. Bjørgo har vore sentral i norsk forskning på høgreekstremisme og -radikalisering sidan 80-talet og er saman med Anders Ravik Jupskås leiar av C-REX. Også i slike tekstar har litteraturlister og referansar vore nyttige for vidare lesing.

For å hente inn meir spissa informasjon nytta eg gjerne internettsøk. Med søkemotorar som Oria og Google Scholar kunne eg leite etter både norsk og internasjonal forskning og snevre inn søket. Det var slik eg fann forfattarar som Hug 2013, som fokuserte på isolasjon og

radikalisering, og Levinsson et al 2021, som kartla samanhengen mellom Covid-19-konspitasjonsteoriar og støtte til valdeleg radikalisering. Særleg tekstar som sistnemnde er ikkje ein del av litteraturlister eller tidlegare referert mykje til, og internettsøk vart difor nyttig.

3.1 Ikkje ei jakt på kausale bindingar

Litteraturen nytta i denne teksten handlar om radikaliseringsprosessar. Prosjektet er å sjå om ein her kan finne dekning for PST si grunngeving for at det det norske samfunnet i tida framover vil sjå ei auke i talet på høgreradikalisererte individ. Det er viktig å understreke at når eg i denne oppgåva diskuterer desse fenomena, til dømes auka tidsbruk på internett, er ikkje målet å trekke kausale bindingar mellom fenomena og radikalisering. Dette vert meir diskutert i dei aktuelle kapitla. Målet er å sjå på kva rolle fenomena skal spele i radikalisering, og sjå om dei i fellesskap kan samverke og danne eit bilete som anten støttar eller ikkje støttar PST sin prognose om ei oppblomstring av høgreradikalisme under pandemien.

3.2 Ei pluralistisk tilnærming

Det er radikaliseringsprosessar som er interessante for å svare på problemstillinga til denne oppgåva. Likevel har eg drege nytte av tekstar og forskning skrive av og om ekstremistar og terroristar – trass i at eg har understreka at det er viktig å skilje mellom desse fenomena og dimensjonane innad i dei. Dette er både fordi litteraturen har ein tendens til å fokusere på dei ekstreme – fordi desse på valdeleg vis utfører sine radikale haldningar gjennom handlingar – men også fordi radikalisering som prosess *kan* leie til valdeleg ekstremisme, trass at det sjeldan skjer. I tillegg er det langt meir vanleg å få grundig innsikt i ein terrorist sin radikaliseringsprosess gjennom til dømes publiserte manifest eller avhøyr og rettssaker, enn det er å bli kjend med ein av dei millionar av «anonyme» radikalisererte deltakarane i ulike nettfora (Strømmen 2018, 30-39). Eg meiner difor det er valid å nytte dei ekstreme døma for å utforske radikalisering som prosess. Til dømes er Hug 2013 si forskning kvalitative undersøkingar av tre terroristar, men hennar lærdom om kva rolle isolasjon spelte i deira radikaliseringsprosess kan nyttast i ein diskusjon som kan hjelpe oss å svare på problemstillinga.

For å gje innsikt i slike prosessar har eg nytta journalistiske bøker og tekstar om ekstremistar, som Klungtveits bok *Nynazister blant oss* og *Internett og høyreekstremismen* av Strømmen ved sidan av artiklar publisert i faglege tidsskrift for psykologi og sosiologi. Nokre tekstar er empiriske kvantitative forskingsrapportar medan andre er kvalitative intervju eller personlege forteljingar av tidlegare ekstremistar. For å finne ut om dei aktuelle faktorane i radikaliseringsprosessar kan tenkjast å finne stad, har eg nytta statistikk frå mellom anna statlege organ og SSB. Denne oppgåva dreg altso nytte av ei pluralistisk tilnærming til innsamling av data – både i metode, felt, tema og form.

3.3 Anerkjenningar

I og med at eg i denne oppgåva nyttar skjøn for å velje ut tekstar, tek eg atterhald om at relevant litteratur og andre synspunkt kan verte forsømt. Eg gjer mitt beste for å ikkje tillegge forskinga eller forfattarane meiningar det ikkje er dekning i litteraturen for å sei at dei har. Likevel har det skjedd ei tolking, og ein må vere open for at det kan ha vore gjort feil. Eg tek ansvar for eventuelle feilrepresentasjonar.

Måten kjeldene vart vald ut kan gjere denne teksten mindre enkel å etterprøve. Analysane og konklusjonane som kjem vil vonleg ikkje vere av slik ein bastant og kontroversiell natur at dette vert aktuelt.

Objektivitet i forskning er eit ideal ein bør strekke seg etter. Likevel er det framleis det: eit ideal. Eg har eit personleg engasjement og interesse for temaet i denne oppgåva som det kan vere nyttig å orientere om. Eg kjenner fleire som var til stades på Utøya i 2011 og har opplevd at ein tidlegare kjenning hamna i ein radikaliseringsprosess på veg mot høgreradikalisme, ein prosess som berre tok nokre månadar. Å både kjenne til kva skade høgreekstreme kan valde og kjenne til kor fort aktørar kan ta til seg eit verdssyn som lener seg mot dette tankegodset er nok ein god del av grunnen for mi interesse for temaet. Dette engasjementet har inspirert til skriving av denne oppgåva, men eg vonar det ikkje vil stå i vegen for reieleg akademisk arbeid.

Anonymisering er ofte eit viktig element i forskning. Når ein arbeider med alvorlege (og av og til kriminelle) tema som radikaliseringsprosessar og skriv om terrorisme, kan det vere ekstra viktig å reflektere over einskilde aktørar sine rettar. Fleire som forskar på dette, (t.d. Døving og Emberland, 2018, s. 191-193), skriv om «strengt forskingsetiske retningslinjer og juridiske personvernomsyn» fordi ein forskar på radikale miljø på nett der enkeltpersonar ytrar seg offentleg. I slike prosjekt kan ein t.d. ikkje bygge opp tematiske arkiv eller liknande fordi aktørar kanskje kan identifiserast. I denne oppgåva ser eg ikkje at anonymisering vert eit noko etisk problem. Eg tek ikkje føre seg konkrete ytringar frå andre enn offentleg kjende personar og referansar til litteratur.

4.0 Pandemi og radikaliseringsprosessar

I dette kapitlet vil vi sjå nærare på nokre sosiale fenomen og tilstandar som spring ut av eller har oppstått som følgje av Covid-19-pandemien, og knytte desse til den eksisterande litteraturen om radikaliseringsprosessar. Fleire av desse fenomena, til dømes konspirasjonsteoriar og internett-bruk, vil overlape kvarandre. Vonleg vil eg kunne sei noko om pandemien kan auke høgreradikaliseringa i tida som kjem.


4.1 Einsemd som faktor

Første person som fekk påvist Covid-19 i Noreg var ei kvinne i 30-åra i Tromsø den 26. februar 2020 (Kolberg et al, 2020). To veker seinare stod statsminister Erna Solberg på talarstolen og la fram det ho kalla «dei mest inngripande tiltaka Noreg har hatt i fredstid» (regjeringen.no, 2020). Mange av desse tiltaka endra seg mange gongar det følgjande

halvanna året, og vil nok mest sannsynleg halde fram å endre seg ei stund framover. Men eitt tiltak som har vore gjeldande stort sett over alt og for alle er ei avgrensing på sosial kontakt med andre. Folkehelseinstituttet (FHI) presenterte i slutten av 2020 ein rapport med data om mellom anna einsemd. Rapporten bygde på undersøkingar gjort hjå folk over 18 år før pandemien trefte Noreg, i juni 2020 og i november-desember same år: «I sum ser vi altså en klar økning i ensomhet, som berører grupper ulikt. Yngre, studenter og personer som bor alene, er spesielt utsatt. Ensomheten er også høy blant grupper som ikke er i arbeid, som arbeidsledige, permitterte og uføre» (Nes et al, 2020).

Dei som budde i einslege husstandar var svært mykje, opp mot 300 prosent, oftare einsame enn dei som budde med minst éin annan person. Dette inkluderer ikkje berre ungdom, men også vaksne. Fordelinga mellom vaksne og unge einpersonshushald kjem ikkje fram i rapporten.

Det vi veit er at studentar og skuleelevar er ei einsam gruppe, relativt til andre – sjå figur 1. Minst ein tredjedel av studentar og skuleelevar rapporterte at dei var einsame, ein trend som synte seg å bli verre i undersøkingane gjort lenger ut i pandemien (Nes et al, 2020). I Noreg har vi, i ein europeisk kontekst, noko «gamle» studentar, då ein av fire er over 30 – dei fleste av desse med familie (Keute, 2018). Men det er naturleg nok ungdom som dominerer i den øvste stolpen i diagrammet – og soleis under pandemien er blant dei gruppene som har høgst frekvens av einsemd. Korleis heng einsemd saman med radikalisering?



Figur 1. Del einsame etter hovudaktivitet. Heiltrekte strekar er usikkerheit i estimatet. Diagram frå FHI (Nes et al, 2020).

Det er, so langt eg erfarer, ikkje gjort veldig mykje forskning som spesifikt ser på desse to fenomenen i samanheng. Eitt unntak er ei masteroppgåve med kvalitative kasusstudiar av tre individuelle terroristar, Hug 2013. Vi kjem attende til den studien seinare. Først kan vi sjå på eit tilhøve ei breidd av forskning peikar på: menneske sitt behov for tilhøyrsl. Svært mange som skriv om radikaliseringsprosessar, legg vekt på utanforskap som ein «push-faktor» – altso noko som «skubbar» aktørar vekk frå resten av samfunnet, vener og familie, og som igjen legg opp til at aktøren leitar etter andre grupper og fellesskap å høyre til.³ Desse fellesskapa vert ein «pull-faktor».

Tidlegare nynazist Tom Olsen er eit godt døme på ein tidlegare radikalisert ekstremist som skildrar utanforskap og isolering utan å eksplisitt syne til desse fenomenen (Olsen, 2018, s. 12-20). Dette utanforskapet kan komme av mange grunnar – dårleg fungerande familiar,

³ Sjå mellom anna til Kimmel 2018, Klungtveit 2020, Ackerman & Peterson 2020 og Hug 2013.

økonomisk og sosial status med manglande moglegheiter til betring, psykiske vanskar, vald, kriminalitet – eller einsemd. Som Belinda Ekornås, ph.d. og psykologspesialist ved RVTS Aust skriv: «Søken mot ekstremistiske miljøer handler først og fremst om sosial tilhørighet og sterke følelser» (Ekornås, 2018, s. 126). Dei sterke kjenslene ho snakkar om, kjem vi mellom anna attende til i kapittel 4.2. Ein veit også at vener ofte kan vere sentrale i rekruttering til ekstremistiske grupper, men det som er relevant for oss er korleis sosial isolasjon kan opne for radikalisering. Det skjer gjerne som *sjølvradikalisering* – at ein gjennom å konsumere idear og innhald kan bli radikalisert tilsynelatande utan kontakt med andre, til og med utan å prate med andre over nett (Strømmen, 2018, s. 34).

Men aktørar på veg inn i, eller tidleg i, ein radikaliseringsprosess finn ikkje naudsyntvis det brorskapet, tilhørsla og støtta dei vart lova eller håpa på. Mange soloterroristar, eller «einslege ulvar», som dei gjerne vert kalla i media, har hatt krevjande sosiale liv, få vener og har slite med kjærleikslivet (Reiss, 2018, s. 71). Mange av dei hadde også forsøkt å bli ein del av etablerte politiske grupper, men feila. Vi veit at Philip Manshaus forsøkte engasjere seg i nynazistorganisasjonen Den nordiske motstandsørsla (DNM), men vart «gløymd vekk» i interne stridigheiter i organisasjonen nokre veker før terrorangrepet hans (Klungtveit, 2020, s. 220-236). 22. juli-terroristen var også medlem av Framstegspartiet og hadde verv i deira ungdomsparti i fleire år, men meldte seg ut og forlèt verva fleire år før terroråtalet (Langset, 2011). Øyvind Strømmen skriv om det som kan skje med dei som ikkje finn innpass i organisasjonar, og som til ein viss grad kan vere dekkande om både Breivik og Manshaus: «Når gruppetilhørigheten ikke fungerer, velger vedkommende i stedet å knytte seg til den delen som ikke kan avvise ham, nemlig ideologien i seg selv. Han blir selv ideologiens «sanne tilhenger», og den som – i motsetning til de andre – faktisk gjør noe» (Strømmen, 2014). Noko av det siste Manshaus la ut på chan-sider på nettet før terroråtalet hans var: «It's time to bump the race war thread IRL» – han såg altså på seg sjølv som ein ekte følgjar av ideologien.⁴ Alle andre på foruma dreiv berre «larping» – altså leika med tanken og ynskte seg rasekrig, men ikkje gjorde noko med det. Forsking tyder også på at ideologi er mykje viktigare for dei ekstremistiske einsame ulvane enn valdsutøvarane som er medlem i ei gruppe (Berntzen, 2018, s. 86; Capellan 2015). Sosiale fellesskap kan altså vere ein trekkfaktor inn i radikale miljø, men det treng ikkje vere reell solidaritet på andre sida. Ein føresetnad er likevel det at den aktuelle aktøren manglar eit stødig sosialt nettverk – at hen til ei viss grad er einsam.

Hug 2013 delar i sin studie isolasjon i tre delar; sosial, emosjonell og opplevd isolasjon. Den sosiale isolasjonen er lik den vi til ulike grader har vore pålagde her i Noreg sidan pandemien byrja, og går ut på objektivt målbar kontakt med andre menneske. Dette kan nok ha vore eit større fenomen i denne perioden enn i «vanlege» tider. Emosjonell isolasjon er noko vanskelegare å sei noko generelt om for den større gruppa av norsk ungdom. Dette er subjektivt på eit individuelt nivå og går på kor kjenslemessig knytt til andre ein aktør føler seg. Eg vil argumentere for at denne isolasjonen er den som best representerer det vi i

⁴ Disse diskusjonstrådane var tilgjengelege like etter terroråtalet, men er ikkje å finne i dag. Strømmen 2019 omtalar nokre av desse trådane.

daglegtalet kallar «einsemd» – og soleis er den isolasjonen som vert synt gjennom statistikken frå FHI som vi snakka om tidleg i kapittelet. Opplevd isolasjon skildrar Hug som ei subjektiv kjensle av mangel på sosial støtte relatert til den grad ein føler seg isolert. Dette er eit punkt det er vanskeleg å sei noko om innanfor rammene til denne oppgåva. Opplevd isolasjon, og til ein viss grad den emosjonelle, kan ein argumentere for at er best utforska innan psykologien. Hug verkar til å støtte dette ved å syne til psykologisk forskning i sin omtale av desse omgrepa.

Hug konkluderer si forskning med at alle tre formene for isolasjon var til stades og ein svært viktig del av dei tre individa i kassstudien si radikalisering (Hug, 2013, s. 100). Spesielt tidleg i prosessen, då aktørane entra sine respektive måtar å lese verda på, fungerte isolasjonen som både ein push-faktor vekk frå eins nære relasjonar og ein pull-faktor inn i eit tankesett som både kunne forklare aktørens situasjon og gje hen ein utveg. Seinare, då radikaliseringa hadde utvikla seg til konkrete planar om ekstremisme og terrorisme, engasjerte aktørane seg villig i isolasjon for å skjule sine planar. Hug er slik sett interessant lesing om isolasjon og radikalisering, men hennar konklusjon bygger på fleire former for isolasjon som eg ikkje har undersøkt i dette kapittelet. I denne oppgåva har eg berre peika på sosial isolasjon og tolka emosjonell isolasjon som «einsemd». Dette tyder altso at Hug sin analyse kan vere god, men at det ikkje er sikkert at den passar å bruke i denne oppgåvas kontekst. Eg vil difor understreke målet om å ikkje konkludere for sterkt i dette kapittelet.

I tillegg til det diskutert i kapittelet kan mindre kontakt med omverda føre til at det er vanskelegare for institusjonar og enkeltpersonar å fange opp aktørar som er på veg inn i ein radikaliseringsprosess, noko ein ser teikn på dette i andre land. I Storbritannia, til dømes, fekk tryggleikstenesta inn betydeleg færre bekymringsmeldingar og tips i tida etter deira nedstenging av samfunnet tok til (Ackerman & Peterson, 2020, 62). Dette kan gje aktørar i ein radikaliseringsprosess som elles hadde blitt plukka opp og stogga, tid og rom for å utfalde seg og verte radikaliserert.

Ungdom kan altso, som diskutert i kapittel 1.3, vere sårbare for radikalisering. Og det er rimeleg å anta at ungdom som er sosialt isolerte er spesielt sårbare. Som FHI si undersøking synte er sosial isolasjon er blitt eit større problem hjå ungdom i Noreg under koronapandemien – éin av tre studentar og elevar er einsame og talet er truleg høgre hjå ungdom som bur åleine. Hug sin kvalitative studie syner at slik isolasjon og einsemd kan vere ein sentral del i ein radikaliseringsprosess for personar på leit etter fellesskap og solidaritet. Ekornås og Reiss støttar opp under at fellesskap kan vere ein viktig trekkfaktor. Om det fellesskapet ikkje er ekte, kan det faktisk verke meir radikaliserande. Phillip Manshaus var eit døme på dette

Eg trur det er nyttig å understreke at faktorane vi diskuterer i denne teksten, som sosial isolasjon, ikkje *i seg sjølv* legg opp til radikalisering, men at det er faktorar som legg til rette for at slike prosessar kan ta til. Ein student som sat åleine og utan sosialt nettverk på ein hybel i 2020 kan stå i større fare for å ha entra ein radikaliseringsprosess enn ein elev ved ein

folkehøgskule med eit sosialt nettverk i same kohort – om ein isolert ser på sosial isolasjon som faktor.

So har PST dekning for å sei at sosial isolasjon som følgje av pandemien vil føre til ein auke i høgreradikalisering? Eg meiner det ikkje er urimeleg å sei at denne isolasjonen ser ut til å kunne legge til rette for at fleire vert fanga opp i ein radikaliseringsprosess. Faktorar som er med på å knytte sosial isolasjon til radikalisering, men som også opererer separat, er tidsbruk på internett og konspirasjonisme.

4.2 Konspirasjonisme

4.1 Konspirasjonsteoriar

Konspirasjonsteoriar er heilt sentralt for alle radikaliseringsprosessar. Friske og «normale» menneskje godtek ikkje dehumanisering, folkemord eller drap på andre utan at der ligg ein prosess bak. Det er først etter ein aktør ser på sine medmenneske som mindreverdige, umenneskelege eller farlege, at hen oppmodar andre, eller sjølv deltek i, ekstremt vald. Slik ein tankegang kan vere med å legitimere og framskande ekstreme haldningar eller vald, og er soleis ein *radikaliseringsmultiplikator* (Emberland, 2021, s. 147).

Saira Basit skriv at ein konspirasjonsteori er ein forklaringsmodell for verda og samfunnet som går ut på at myndigheiter, organisasjonar eller andre mektige aktørar driv fram ein skjult agenda gjennom hemmelege samansverjingar. Konspirasjonen prøver med eit samansurium av fakta og spekulasjonar å forklare og syne at desse samansverjingane står bak eit utal viktige historiske hendingar, samfunnsfenomen og gjerne framtidige mål (Basit, 2018, s. 104-114). Cora Alexa Døving og Terje Emberland meiner at det er fruktbart å presisere at konspirasjonar faktisk hender i røynda, men at desse aldri er like komplekse, store og ufeilbarlege som konspirasjonsteoriane påstår. Dei nyttar heller ordet «konspirasjonisme», som «sikter til en bestemt virkelighetsoppfatning og en tenkemåte hvor konspirasjonsteorier utgjør det grunnleggende element og den viktigste forklaringen på samfunnsutviklingen» (Døving & Emberland, 2018, s. 181). Det er verdt å ha presisert forskjellen på ekte og falske konspirasjonar, men vidare i denne oppgåva nyttar eg konspirasjonsteoriar, konspirasjonell tenking og konspirasjonisme om dei falske konspirasjonane.

Det store problemet med konspirasjonsteoriar og dei som er tilhengjarar av desse, er at teoriane vert ein altoppslukande modell for å forklare alle fenomen – enkle og komplekse, sentrale og obskure. I alle konspirasjonsteoriar ligg også innbakt eit motsvar til all kritikk – konspiratorane vil halde sine operasjonar i skuggen. Syner ein klimafornektarar data på global oppvarming, er det FN's klimapanel som driv skremselspropaganda for eiga vinning. Syner ein holocaust-nektar bilete frå frigjeringa av leirane og intervju med overlevande, meiner han dette er fabrikkert av jødane. Forklarar ein kvifor born og kvinner flyktar frå Syria til Europa, kan dette avvisast ved Eurabi-teorien – at mektige aktørar (jødar) sender desse til Europa for å endre demografien og «øydelegge» kontinentet. So sant ein person har ein konspirasjonsteori som utgangspunkt, finst der ikkje eitt motargument i heile verda – berre bevis som validerer det ein allereie trur. Dei som enno ikkje har sett lyset er anten offer for

dei mektige sin propaganda, eller på deira side. Dei tek feil uansett. Meir om desse sosiale motiva for konspirasjonstenking seinare i kapitlet.

Det er nett dette som er so freistande med konspirasjonsteoriar – det er godt å vere på innsida av dei. Teorien gjev svar på alt det vanskelege i livet, den gjev retningsans. Dei på innsida veit noko ingen andre veit, ein har skjont korleis verda heng saman. Dette gjer dei som er innvia i teorien overlegne dei på utsida. Ein kjempar mot den store overmakta – ein kamp som gjerne er eksistensiell. Ein som har teke til seg konspirasjonsteoriar utviklar «eit forenkla verdsbilete prega av maneisk moralsk dualisme» (Basit, 2018, s. 109; CPRLV, 2016). I eit slikt verdsbilete er det ikkje rom for noko som helst mellom svart og kvitt, mellom godt og vondt. Ein kan systematisk avvise alle motargument og konkurrerande forklaringar. Dette skarpe skiljet mellom «oss» og «dei» er velkjent i sosiologien, og i ein radikaliseringsprosess spelar det ei viktig rolle i dehumaniseringa av medmenneske og rasjonaliseringa av vald mot dei andre til det ekstreme – vald mot «dei» er ikkje berre godteken, men er ei moralsk plikt.

Douglas et al skriv om kvifor folk engasjerer seg i konspirasjonsteoriar, og trekkjer fram tre motiv ein aktør, bevisst eller ikkje, ofte har for å internalisere eit slikt verdsbilete. I forhold til ikkje-konspiratoriske forklaringsmodellar lovar teoriane å oppfylle viktige psykologiske motiv: *epistemiske* (behovet for forståing, forklaring og subjektiv sikkerheit), *eksistensielle* (ønsket om kontroll og tryggleik) og *sosiale* (ønsket om å oppretthalde eit positivt bilete av sjølvet eller gruppa). (Douglas et al, 2017 & Douglas et al, 2019, s. 7).

4.2.2 Konspirasjonisme og pandemien

Her byrjar vi også sjå korleis ein pandemi kan spele inn på konspirasjonstenking. Epistemiske motiv for å engasjere seg i konspirasjonsteoriar er meir til stades i tider prega av usikkerheit og tilfeldigheter – noko som i stor grad er gjeldande under ein pandemi. Usikkerheita kjem både i form av uro for eins eiga helse og signifikante andre si. Hendingar som skjer i ein svært stor skala og som ikkje har eit lett forståeleg opphav der alle er einige om dei kausale samanhengane kan vere spesielt drivande for konspiratoriske forklaringar (Douglas et al, 2019, s. 7). Det er nok ikkje urimeleg å sei at dette truleg er gjeldande i ein pandemi skulda av eit til no ukjent virus. På ulike tider under pandemien har det vore uvisse både hjå fagfolk, myndigheiter og befolkninga kring spreining av sjukdom, effekten av restriksjonar, vaksiner og seinare mogleg letting på restriksjonar. I og med at forskning og avgjerder har blitt gjort parallelt med at den offentlege diskusjonen har pågått, kan det vere rimeleg å anta at delar av befolkninga har følt på ei viss epistemisk uvisse. Denne uvissa kan tenkjast å syne seg som eit epistemisk motiv for konspirasjonell tenking.

Eksistensielle behov er også ein drivar for konspirasjonsteoriar. Kjensler av maktesløyse, mangel på handlefridom og angst kan vere ein skubb-faktor for at aktørar leitar etter alternative narrativ som forklarar situasjonen og legg ansvaret over på «andre». Symptoma på depresjon og angst er to til tre gongar høgare hjå befolkninga under pandemien i forhold til før (Ebrahimi et al, 2020). Ungdom, arbeidslause og dei med psykiske diagnoser – alle grupper som allereie er utsette for radikaliserings – synte endå større utbreiing av slike symptom. Økonomiske problem kan også vere medverkande til desse psykiske problema. Eit

anna eksistensielt motiv for konspirasjonstenking er trua på at økonomien går dårleg (Douglas et al, 2019, s. 8).

Desse to motiva for å engasjere seg i konspirasjonell tenking, epistemiske og eksistensielle, kan vere ein del av grunnen til at PST valde på peike på «større uvisse i samfunnet, mellom anna knytt til økonomi og arbeidsløyse» som forklaring på deira tru på at fleire kjem til å bli høgreradikaliserte som følgje av pandemien. Her vil eg trekke fram att relativ deprivasjonsteori som eg var inne på i kapittel 2.4. Økonomien i Noreg, både på makronivå og hjå mange einskilde husstandar, har til tider vore pressa under pandemien. Bedrifter og tilsette har vore utsett for permitteringar, konkursar og lågare inntekter (SSB, 2021). Økonomisk uvisse kan passe til både dei epistemiske og eksistensielle motiva. Ei uventa permittering eller tap av venta inntekt, kan føre til eit tap av kjensla av subjektiv tryggleik, samt at det kan ta frå ein aktør handlefridomen. Det kan også opne for ein subjektiv fattigdom, ei kjensle av tap av autonomi og makt. Dette tapet treng heller ikkje vere reelt for å påverke ein aktørs individuelle kjensler og handlingar.

Dei tredje motiva, dei sosiale, for konspirasjonstenking går som sagt ut på behovet for å oppretthalde eit positivt syn på sjølvet eller «si eiga gruppe». Dette argumenterer eg for at allereie har manifestert seg i form av rasistiske utsegn. Fleire norske ungdommar med asiatisk opphav har fortalt om aukande rasisme direkte knytt til Covid-19.⁵ Ein kan forklare slik hatkriminalitet og rasisme med Douglas et al sine motiv for konspirasjonell tenking. Anomi, behovet for å forklare ein uoversiktleg situasjon med enkle – gjerne rasistiske – modellar, samt ønsket om å finne kausale samanhengar for å så slutt på situasjonen – alt kan vere ein del av forklaringa bak slik hatkriminalitet. Og bak konspirasjonsteoriar.

Ein fersk studie frå Canada (Levinsson et al, 2021)⁶, der 6003 personar mellom 18 og 35 år var med, kartla samanhengen mellom Covid-19-konspirasjonsteoriar, støtte til valdeleg radikalisering, psykologisk stress og sosioøkonomisk status. Noko liknande studie er ikkje gjort i Noreg, men det er ikkje urimeleg å tru at deira konklusjon i alle fall kan gje ein peikepinn på situasjonen her heime. Studien synte ein sterk korrelasjon mellom støtte for valdeleg radikalisering og støtte til konspirasjonsteoriar kring pandemien. Dette var sterkt hjå dei aktørane som synte høgt psykologisk stress. Forfattarane tolka datatilfanget sitt og kjem med normative oppmodingar med bakgrunn i denne tolkinga: «Samanhengen mellom støtte til covid-19-konspirasjonsteoriar og valdeleg radikalisering representerer ei utfordring for folkehelsa som krev merksemd på augneblinken. Samspelet med psykologisk naud tyder på at politisk innsats bør kombinere kommunikasjon og psykologiske strategiar for å redusere legitimering av vald.» (Levinsson et al, 2021, s. 2). Koronapandemien vart raskt og tidleg ein del av dei utal mange antisemittiske konspirasjonsteoriane i verda og Europa (Woods et al, 2020, s. 812). Det var truleg lett å falde inn jødane i desse teoriane, då denne folkegruppa allereie har vore utsett for sjukdomsrelaterte konspirasjonsteoriar i lang tid – til dømes under Svartedauden i Europa i mellomalderen og spanskesjuka på tidleg 1900-tal.

⁵ Lillelien, Bjørngård & Skumsvoll 2021, Li 2021, Luong 2021 og Kim 2021.

⁶ Merk at denne studien, som er frå januar 2021, ikkje er fagfelleurdert enno, men er publisert som preprint i The Lancet.

Døving og Emberland skriv også om forholdet mellom konspirasjonsteoriar og radikaliserings mot valdeleg ekstremisme (Døving & Emberland, 2018, s. 226). Med særleg fokus på konspirasjonsteoriar på internett, skriv dei at «opphissa konspirasjonssnakk» vert brukt som ei rettferdiggjering og legitimering av hatefulle uttrykk, samt at dei bidreg til ei eskalering av slike uttrykk. Soleis kan konspirasjonisme og hatefulle ytringar – som dei nordmenn med asiatisk opphav har opplevd under pandemien – fungere gjensidig forsterkande i høve til kvarandre, og forfattarane meiner dette kan bidra til radikaliserings (Døving & Emberland, 2018, s. 227). Døving og Emberland er likevel nøye med å understreke at ein ikkje fullt ut forstår dette forholdet mellom konspirasjonisme og radikaliserings, og syner til Bartlett og Miller si forsking på temaet: «While it is not possible to demonstrate direct causal links between conspiracy theories and extremism, our findings suggest that the acceptance of conspiracy theories in contexts of extremism often serves as a «radicalizing multiplier», which feeds back into the ideologies, internal dynamics and psychological processes of the group. They hold extremist groups together and push them in a more extreme and sometimes violent direction» (Bartlett & Miller, 2010, s. 4). Konspirasjonstenking er altså ikkje naudsyntvist kausalt samanhengande med radikaliserings, men det er ofte eit sentralt element, ein viktig faktor, i prosessen.

Dette kapittelet har ikkje brukt mykje plass konspirasjonsteoriar som vart danna kring sjølve pandemien. Slik ei offentleg og global krise gjer at samfunnet forventar ein viss tillit til myndigheiter – noko som ikkje fell i god jord hjå nokre – og nokre konspirasjonelle teoriar om Covid-19 er levande og veksande i dag.

4.2.3 Betyr meir konspirasjonisme meir radikalisme?

So har PST eit poeng då dei trekk fram at høgreekstrem propaganda i form av konspirasjonsteoriar ligg lett tilgjengeleg på internett? Eg vil påstå at det er rimeleg å sei at pandemien har ført med seg fleire element som kan legge opp til konspirasjonell tenking. Ein kan finne hendingar og fenomen i det norske samfunnet som passar alle tre av Douglas et al sine motiv for at einskilde aktørar skal engasjere seg i konspirasjonell tenking: Uvisse kring korleis sjukdomen spreier seg og kva tiltak som fungerer kan gjere at aktørar leitar etter konkrete svar andre stadar enn i vitskapen og det myndigheitene orienterer om. Tap av handlingsfridom og økonomisk tryggleik – bae fenomen som finn stad under pandemien – kan vere eit motiv for å vende seg til konspirasjonisme. Det motivet eg meiner det er minst dekning for å trekke fram er det sosiale – behovet for å oppretthalde eit positivt syn på sjølvet eller «si eiga gruppe» – trass at vi har sett dømer på dette manifestert som hat mot nordmenn med asiatisk opphav.

Med Døving og Emberland synte eg korleis konspirasjonssnakk som følgje av det Douglas et al skildrar kan fungere gjensidig forsterkande saman med hatefulle ytringar – som dei nokre nordmenn med asiatisk opphav har opplevd – og soleis bidra akselererande til radikaliserings. Levinsson et al har synt at dei som støttar Covid-19-konspirasjonsteoriar ofte støttar valdeleg radikalisme, og det er nok rimeleg å tru at situasjonen er, om ikkje lik, so i alle fall ikkje motsett her i Noreg. Og det å gå inn i konspirasjonsteoriar er, som Basit skriv, heilt sentralt

for radikaliseringsprosessar. Det er rimeleg å tru at pandemien på fleire måtar har lagt opp til konspirasjonisme hjå nokre aktørar som elles ikkje ville engasjert seg i slikt. Vidare er det rimeleg å tru at denne konspirasjonismen kan føre til høgreradikalisering.

Om Covid-19 faktisk har ført til ei auke i konspirasjonisme har denne oppgåva ikkje kunne seie noko konkret om, det er nok eit spørsmål for seinare forskning. At pandemien i seg sjølv kan ha skapt nye konspirasjonsteoriar, trur eg det er rimeleg å anta. Det som her har blitt diskutert om konspirasjonell tenking kan likevel syne seg nyttig i diskusjonen av eit viktig verktøy for konspirasjonisme og radikalisering: internett.

4.3 Bruk av internett

Saman med restriksjonar for sosiale møter og arrangement, har også pandemien ført til pålagt eller tilrådd heimekontor og studiar gjort over nett i lange periodar i strekk. I 2019 brukte ungdom i Noreg mellom 16 og 24 år 270 minutt, eller 4,5 timar på nettet ein gjennomsnittsdag (Schiro, 2019). Same gruppa brukte i 2020 318 minutt, eller 5,3 timar (SSB 2021). Det er ein auke på 18 prosent. Denne auken var dei føregåande fem åra i snitt på seks prosent kvart år.⁷ Ungdom brukte betydeleg meir tid på internett i 2020 enn tidlegare.

Det ungdom brukte mest tid på var strøymetenester, tett etterfølgd av sosiale media (Jortveit, 2020). Strøymetenestene var særleg mykje brukt i byrjinga av nedstenginga våren 2020, so vel som seinare. YouTube var den nest mest brukte videotenesta hjå unge mellom 18 og 29 som brukte i snitt 40 minutt der dagleg hausten 2020, sett opp mot 42 minutt på Netflix. Det er vel dokumentert at YouTube – som internasjonalt er mykje større enn tenester som Netflix og HBO – er ein svært populær stad for høgreradikale og konspirasjonsteoretikarar (Munger & Phillips, 2020). Munger og Phillips syner at høgreradikalt innhald på plattforma nådde ein topp i 2017, mellom anna fordi innhaldsprodusentar gjekk over til andre stadar på nettet. Fleire sosiale media hadde også ei utreinsking av kanalar med høgreradikalt innhald etter 6. januar 2021 og storminga av den amerikanske Kongressen, men det fleire innhaldsprodusentar er framleis til stades på YouTube. Plattforma sine algoritmar bidreg også til radikalisering jo meir tid ein brukar på den (Ribeiro et al 2019).

Dei som i vanlege tider og under pandemien nyttar nettet mest er unge menn og dei i hushald med lågast inntekt (Schiro, 2019, s. 41). Dette er også, som vi allereie har diskutert, ei gruppe som ser ut til å vere spesielt utsett for å hamne i ein radikaliseringsprosess (Ekornås, 2018, s. 121). Og, som dette kapittelet skal handle om, kan internett vere eit viktig element i radikalisering i dag.

Internett har sidan 80-talet vore ein viktig kanal for høgreekstreme organisasjonar. Det hittil største forumet for ekstremhøgre, Stormfront, er også det eldste og vart etablert i 1995 (Jupskås, 2020, s. 66). Internett og teknologi generelt har mange funksjonar for høgreekstreme og fleire er nok atkjennelege frå andre subkulturar og elles ukontroversielle grupper. Gjennom nettet kan høgreekstreme organisasjonar drive kommunikasjon delvis eller

⁷ Statistikkbanken for SSBs mediebarometer.

heilt anonymt, spreie og vidareutvikle konspirasjonsteoriar, drive ideologiske diskusjonar, dele propaganda og bombeoppskrifter og ikkje minst nettverke med andre organisasjonar (Jupskås 2020; Koehler 2014; Klungtveit 2020). Grupper som t.d. nynazistiske DNM brukar nettet for å hente inn donasjonar, selje «forboden» litteratur, klede og musikk – tenester som var vanskelegare å drive og tene pengar på då dei dreiv med det gjennom postordre (Klungtveit, 2020).

Dei sokalla chan-foruma som vi var inne på i kapittel 4.1 er gode dømer på det «uorganiserte» ytre høgre. Dette er sider som verdset anonymitet i so stor grad at ein ikkje har attkjennbare brukarnamn eller grupper innad – alt er anonymt og skjer ute i det opne. Det er gjerne her, samt i utgangspunktet uskuldige sosiale media som YouTube og Twitter, kor høgreekstremt innhald kan blande seg med «vanleg» innhald, skjule seg i elles normale videoar, artige bilete eller memar. Ein viktig jobb som vert gjort nesten eksklusivt på internett er forminga av *koda språk* som er meint å finte ut utanforståande, men plante idear som passar dei høgreekstreme hjå heilt vanlege brukarar på internett (Jupskås, 2020, s. 66). Og det er gjerne gjennom strategisk skapte kontroversar, på-kanten-humor og reaksjonane til dette dei høgreekstreme kan starte ein radikaliseringsprosess hjå andre aktørar.

4.3.1 Eit verktøy for radikalisering?

Det at internett er eit viktig verktøy for allereie radikalisererte eller ekstreme i Noreg er allereie synt av fleire, mellom anna PST i ei årrekke med trusselvurderingar, Klungtveit 2020, Bjørge & Gjelsvik 2015 og Bjørkelo 2012, men kva rolle spelar det i radikaliseringsprosessen? PST trekk jo fram i si trusselvurdering for 2021 at høgreekstreme ytringar og propaganda er «lett tilgjengeleg på internett», samt at fleire det siste året har, grunna sosial isolasjon, brukt meir tid på nettet.

Eg ser på konspirasjonell tenking og adopteringa av slike idear som den beste måten å lese internett si rolle i radikaliseringsprosessar. Som diskutert i kapittel 4.2 er ei viss form for konspirasjonisme naudsynt for å tre inn i prosessen mot radikale og eventuelt ekstreme standpunkt. Som dette kapitlet vil gå inn på, spelar internett ei svært stor rolle for logistikken og infrastrukturen til høgreekstreme organisasjonar og laust samansette meiningsfelleskap. Men for radikaliseringsprosessen til eit individ, meiner eg det er rett å halde ved fokuset på konspirasjonisme.

Birgitte Haanshus skriv om korleis ulike organisasjonar på ytre høgre brukar opne sider på internett for å spreie desinformasjon og propaganda (Haanshus, 2018, s. 171). For dei «mindre ekstreme» på ytre høgre, som SIAN og FMI, er opne sosiale media – særleg Facebook – svært viktige kanalar. Her driv dei både kontakt med medlem, rekruttering, diskusjonar av nyheiter og lenking attende til eigne nettstadar. For dei «meir ekstreme», som DNM, er desse opne sosiale media ikkje like mykje brukt. Forfattaren skriv at dette kan vere fordi aktørar som deltek i diskusjonar her kan identifiserast, og at organisasjonen kanskje heller helt til på sider som VKontakte, der mange kjende nynazistar held kontakten. Elles kan ytringane dei kjem med vere meir ekstreme, og soleis føre til utestenging frå dei større sosiale media. Til dømes har DNM sin twitterkonto blitt fjerna etter Haanshus gjorde si forskning.

Men det skal ein del til for ein heilt utanforståande å snuble seg inn på VKontakte eller dei spesifikke nettsidene til ekstremistar. Eit nyleg og nemneverdig unntak var då stortingsrepresentant frå Senterpartiet og medlem av Drammen kommunes klimautval Trine Borge Johansen delte ei sak om klimaendringar frå nynazistiske DNM sine nettsider i eit kommentarfelt på Facebook. Hendinga, som fleire media skreiv om i januar 2020, gjekk nøyaktig slik DNM håpar med sine «nyheitssaker» – at dei skal dukke opp i eit google-søk, sjå truverdige nok ut og at lesaren/delaren ikkje sjekkar opp i nettstaden før hen sendar den vidare. Klungtveit 2020 snakkar om denne strategien, om enn ikkje denne spesifikke hendinga.

Likevel; nettstadar dedikert til spreinga av konspirasjonsteoriar og desinformasjon får ikkje spesielt mykje trafikk i forhold til nyheitsmedier (Douglas et al, 2019, s. 15). Trass i det låg nettstadar som driv meir «subtil» deling av misinformasjon eller gjev spalteplass til aktørar som flørtar med konspirasjonisme – document.no, rights.no og resett.no (Helland 2019)⁸ – alle i 2020 på topplista over norske nettsider som vart mest delt på sosiale media (Web64, 2021). Då desse nettsidene gjerne også har relativt få forfattarar, men vert mykje delt, kapra skribentane frå desse nettsidene åtte av plassane på topp ti over mest delte tekstforfattarar i media (Web64, 2021).

Trass lite trafikk til openbert ekstreme nettstadar ligg der svært mykje materiale tilgjengeleg som vi diskuterte i kapittel 4.2 kunne bidra til radikalisering. Ein kan bli mata dette materialet av ein radikalisor⁹ (Moestue, 2018, s. 138), men ein kan også ta i bruk stoffet på eiga hand: «(...) selvradikalisering forekommer også, hvor individet blir radikalisert uten å direkte møte andre ekstremister. De sitter hjemme og isolerer seg, mens de konsumerer propagandamateriale. Såkalte «ensomme ulver» føler ikke nødvendigvis selv at de er alene. De har ofte et utstrakt sosialt liv på internett, og de har en forestilt sterk tilhørighet til likesinnede rundt om i verden» (Reiss, 2018, s. 68).

Ein aktør kan altso snuble over stoff frå dei diskutert svært populære høgreorienterte nettsidene og anten forsterke eige eller ta til seg eit nytt verdssyn eller ein ny forklaringsmodell. Basit meiner det er her internettet verkeleg er til nytte i radikaliseringa; «Internettmediet har en potensielt kraftfull rolle i radikaliseringsprosesser fordi det er enkelt å finne bekreftende argumenter» (Basit, 2018, s. 113).

4.3.2 ... eller berre eit verktøy?

Men her har ein teke nokre sjansar. Å bruke dei kjeldene vi til no har sett på for å syne at meir tidsbruk på internett fører til meir radikalisering er eit stort steg. Vi veit at internett er eit viktig verktøy innad i høgreekstreme organisasjonar og miljø, og at dei prøver å spreie

⁸ Frode Helland har møtt ein del kritikk for siste halvdel av boka «Rasismens retorikk», sjå t.d. Sletteland 2020 og Holm-Hansen 2020. Eg er til dels einig i kritikken, i alle fall at siste halvdel av boka er den svakaste. Eg meiner likevel at døma han kjem med og den historiske gjennomgangen av nokre av desse nettsidene støttar denne påstanden, og vel å syne til han her.

⁹ Ein diskusjon av omgrepet og fenomenet «radikalisor» er å finne i PST 2019, s. 12

bodskapen sin her. Vi veit også at tankegods som hallar mot verdssynet til desse organisasjonane har stor spreiding på nett og er svært populært å lese. Ein lett kan finne informasjon og meiningsfeller som støttar eins valde forklaringsmodell for verda. Vi veit også at løgner spreier seg vesentlig raskare enn ekte informasjon på nettet (Vosoughi, Roy & Aral 2018).

Norsk ungdom brukte i 2020 vesentlig mykje meir tid på internett enn tidlegare, men det betyr ikkje at *mengda* «radikalisierende» stoff tilgjengeleg har auka. Det har eg ikkje funnen noko bevis for. Internettet er stort, men det eksisterer midt i samfunnet, ikkje parallelt med det. For det første er der ikkje mangel på motrøyter og faktasjekkar av konspirasjonelle idear – det meste av omtale på internett om konspirasjonsteoriar er negativt vinkla (Douglas et al, 2019, s. 15). For det andre er beint fram løgner generelt lite populært då offentlegheita er einige om at dei er løgner. Politikarar og opinionsberarar lyg av og til, men Douglas et al meiner at (nett-)samfunn dedikerte til konspirasjonsteoriar i so stor grad at dei ikkje forsøker legitimere seg utad ikkje er særleg populære i offentlegheita. Der finst eit utal nettsider som er dedikerte til konspirasjonelle idear, men forfatarane meiner at dei som aktivt søker etter desse er personar som allereie er disponerte for slik tenking. Denne disponeringa kan likevel komme gjennom eksponering for konspirasjonelt innhald delt gjennom «mindre radikale» nettsider, som diskutert i førre kapittel.

For det tredje har eg ikkje funne forskning som støttar at folk er meir mottakelege for konspirasjonsteoriar no enn før internett vart tilgjengeleg for offentlegheita. Douglas et al har heller ikkje funnen noko slik bevis: «[I]t cannot be asserted (...) that the Internet is responsible for such a rise in a straightforward way» (Douglas et al, 2019, s. 15). C-REX-forskaren Jacob Aasland Ravndal har heller ikkje funnen at internett har ført til ein betydeleg auka frekvens av konspirasjonsteoriar i befolkninga (NRK, 2021, 21:43). Han understreker likevel at forskning «har ein tendens til å vere litt treig» og seier han ikkje vil bli overraska om det skulle syne seg at veksten av sosiale media dei siste fem åra kan ha bidrege til meir konspirasjonell tenking. Men so langt har vi altso ikkje, so vidt eg kan finne, forskning som tyder på at internett og bruk av verktøyet i seg sjølv bidreg til konspirasjonisme og i neste steg att, radikalisering. Wood (2013, s. 31 – med referansar til Douglas et al og Clarke 2002/2007) skriv om korleis ekkokammera som dannar seg på internett faktisk kan skade konspirasjonsteoriar.

Fleire forskarar og forfatarar har trekt fram «trykkokarteorien», kanskje i hovudsak når ein snakkar generelt om offentlig debatt eller kva som er akseptabelt innad i eit politisk parti, men også når det gjeld internett og «plattforming» – det å aktivt ta eit val om å behalde eller utvise ekstremistar frå sosiale media og nettfora. Teorien går ut på at aktørar som ytrar radikale eller hatske meiningar har reelle problem og bekymringar som bør takast på alvor. Ein bør ta tak i deira feilslåtte årsaksforklaring for problema, heller enn å skuve dei ut og nekte dei moglegheit til å få sine klager adressert. Som den norske høgreekstemisten Joachim Furholm sa etter han hadde kome med hypotetiske planar om å drive terror mot norske myndigheiter: «Jeg hadde ikke disse meningene før de[myndighetene] rævkjorte meg. Jeg var forberedt på å forandre ting på den lovlige måten. Men de rævkjorte meg, jeg har ikke noe

valg. (...) De presset meg inn i et hjørne og ga meg ingen utvei. Hvilke muligheter har jeg?
(...) Hvis de vil ha et monster, skal de få et jævla monster» (Klungtveit, 2020, s. 160).

Trykkokerteorien har møtt motstand frå fleire hald. Mellom anna vert det argumentert for at teorien aldri kan testast retrospektivt, og at ekstremistiske haldningar heller lek inn i den offentlege debatten, og soleis kan «snike» seg til større oppslutning. «Språkbruken på nettet påvirker retorikken til den allmenne, offentlige debatten. Noen politikere har overtatt denne språkbruken og tatt den inn i det offentlige ordskiftet. Slik siver giften inn i en større opinion» (Lars Gule, 2012 referert i Bjørge & Gjelsvik, 2015, s. 78). Denne debatten syner at det å isolere radikale og ekstremistar, eller at dei gjer det sjølv, truleg både har negative og positive sider. Her nærmar ein seg ein normativ diskusjon kring internett og plattforming, men ein slik diskusjon vil ligge utanfor rammene for denne oppgåva, og vert difor ikkje vidareført her.

For å runde av dette kapittelet vil eg sitere Haanshuus att: «Det er (...) ikke utenkelig at ytre høyres tilstedeværelse og bruk av sosiale medier bidrar til tilgjengeliggjøring, normalisering og spredning av høyreradikal og høyreekstrem ideologi. Det er enklere å spre høyreekstrem propaganda nå enn det har vært tidligere, og for nysgjerrige og oppsøkende personer er disse miljøene bare noen få tastetrykk unna» (Haanshus, 2018, s. 174). Nøkkelorda for vår diskusjon kring pandemien og den auka tidsbruken på internett er *nysgjerrige og oppsøkende personar*. For berre det at ungdom brukar mykje tid på internett, betyr ikkje det naudsyntvis at dei vert radikalisererte. Dei som *oppsøker* dei aktuelle ideane og ideologiane er allereie disponerte for å bli radikalisererte, som kort diskutert i kapittel 2.4. Likevel: ved den auka tidsbruken på nettet er det logisk at tidsrommet dei har til rådighet til å oppsøke slikt innhald, eller sårbare aktørar å snuble over dette, også aukar. Dei som har byrja på ein radikaliseringsprosess vil også få meir tid til å «fordjupe seg» i situasjonen og verte ytterlegare radikaliserert (Haanshuus & Jupskås, 2017, s. 163).

Fleire norske forskarar er einige med Haanshus i det at internett må sjåast på som eit medium som kanskje er i ei særstilling, men som eigentleg berre er eit kommunikasjonsverktøy. «Å fokusere på internett som selve problemet er en omtrent like meningsløs øvelse som å fokusere på bøker som problemet fordi en rekke høyreekstreme terrorister har lest boken *Turner Diaries*» (Strømmen, 2018, s. 37).

Med dei kjeldene vi har diskutert i denne oppgåva, kan ein nok ikkje sei at meir tidsbruk på internett i seg sjølv naudsyntvis bidreg til radikalisering. Men om mengda tilgjengeleg «radikaliserande» stoff ikkje naudsyntvis har auka, har mengda tid ungdom kan bli disponerte for slike idear gått betydeleg opp. PST kan ha dekning for sin påstand i det at frekvensen av aktørar som vert radikalisererte gjennom internett kan auke ved at ungdom har brukt meir tid på internett i 2020. Frekvensen av dei som kan «falle» for denne konspirasjonismen kan også ha auka, som diskutert i kapittelet om motiv for konspirasjonell tenking, men dette er ikkje bevist i denne oppgåva.

5.0 Konklusjon

So attende til problemstillinga for denne oppgåva: er det rimeleg å anta at pandemien kan bidra til ei sterkare høgreradikalisering av norsk ungdom? Basert på PST si trusselvurdering for 2021 har eg lagt vekt på tre faktorar for å svare på problemstillinga: sosial isolasjon, konspirasjonisme og bruk av internett.

Vi veit at betydeleg fleire ungdommar er sosialt isolerte no enn før pandemien. To av tre unge seier dei er einsame, syner undersøkingane til FHI. Restriksjonane sett inn som følgje av krisa har truleg spelt ei stor rolle i denne utviklinga. Slik isolasjon og einsemd er synt å kunne vere ein sentral faktor i radikaliseringsprosessen for enkeltpersonar, mellom anna av Erin Hug, Saira Basit og Ellen Reiss. Om einsam ungdom er på leit etter fellesskap og solidaritet er det ikkje sikkert dei hamnar i høgreradikale sirklar, men i samspel med dei andre faktorane er det ikkje urimeleg å sei at sosial isolasjon ser ut til å kunne legge til rette for at fleire vert fanga opp i ein radikaliseringsprosess.

PST knyt saman sosial isolasjon med tidsbruk på internett. Ungdom brukte i 2020 vesentleg mykje meir tid på internett, syner SSB – også samanlikna med vanleg vekst i bruk av mediet. I snitt brukte ungdom over fem timar dagleg på nett. Denne auka bruken vil neppe i seg sjølv føre til noko radikaliseringsprosess, men tidsrommet ungdom anten kan snuble over, aktivt leite opp eller fordjupe seg i radikalt eller ekstremistisk stoff og propaganda har blitt større. Som Haanshus peika på gjer også bruk av internett at dei som er søkande etter radikale løysingar lett kan finne argument som støttar deira verdssyn. Om ein er disponert for å engasjere seg i slikt innhald på internett avheng ikkje berre av mengda ein ser, men også om ein har teke til seg ein konspirasjonell tenkemåte.

Fleire fenomen som følgje av pandemien kan legge opp til konspirasjonell tenking hjå ungdom. Med Douglas et al synte eg at opplevinga av generell uvisse kring økonomi, korleis viruset oppfører seg og inkonsekvente råd frå myndigheiter hjå enkelte kan utvikle seg til motiv for å engasjere seg for alternative forklaringsmodellar. Einskilde aktørars tap av handlingsfridom og økonomisk tryggleik utan ein skuldig part kan leie dei til å leite etter ein syndebukk. Vi har sett dømer på at denne syndebukken kan vere nordmenn med asiatiske bakgrunn¹⁰, men det kan også vere ei mengd andre å skulde på. I tillegg til å kanskje styrke dei gamle og kjende konspirasjonsteoriane er det ikkje urimeleg å sei at pandemien også kan ha starta ei rekke nye – noko som er interessant for vidare forskning – men motiva for å engasjere seg i dei er like som dei diskutert i denne oppgåva.

Som nemnd tidleg i teksten har ikkje målet til denne oppgåva vore å trekke kausale bindingar mellom desse fenomena og radikaliseringsprosess. På bakgrunn av det eg har vist i denne oppgåva, argumenterer eg likevel for at desse fenomena – sosial isolasjon, konspirasjonisme og auka bruk av internett – i fellesskap dannar eit inntrykk av at vi er i ein situasjon der ungdom kan leite etter svar og finne dei i radikaliseringsprosess. Det er i synergien mellom einsemd, økonomisk og sosial uvisse og tap av handlefridom at ungdom kan bli disponert for å leite etter nokon å

¹⁰ Lillelien, Bjørngård & Skumsvoll 2021, Li 2021, Luong 2021 og Kim 2021.

skulde på eller ein stad å høyre til. Nokre av desse ungdommane er so dagleg til stades i timesvis på eit torg der ein kan finne enkle svar på alt dette og der ekstremistar driv aktiv rekruttering av nett dei.

Dei einskilde faktorane eg har diskutert i denne teksten bør vere utgangspunkt for vidare forskning. Men med det vi har sett på i denne bacheloroppgåva vil eg sei at det ikkje er urimeleg å anta at pandemien kan bidra til ei sterkare høgreradikalisering av norsk ungdom. For å eventuelt stadfeste denne tentative konklusjonen må det meir forskning til.

6.0 Litteratur

- Ackerman, Gary & Peterson, Hayley. (2020). Terrorism and COVID-19. *Perspectives on Terrorism*, 14(2), s. 59-73.
- Basit, Saira H. (2018). Konspirasjonsteorier og radikaliseringsprosesser. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (104-115). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Berntzen, Lars Erik. (2018). Ytre høyre: Ideologier, grupper, vold og rekruttering. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (74-91). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Bjørge, Tore. (Red.). (2018). *Høyreekstremisme i Norge: Utviklingstrekk, konspirasjonsteorier og forebyggningsstrategier*. Oslo: Politihøgskolen.
- Bjørge, T. & Gjelsvik, I. M. (2015). *Forskning på forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme. En kunnskapsstatus*. PHS Forskning 2015:2. Oslo: Politihøgskolen.
<http://hdl.handle.net/11250/284584>
- Bjørkelo, K. A. (2012). Ekstremisme og verdensveven. I K. H. Partapuoli (Red.), *Høyreekstremisme i Norge* (s. 42–46). Rapport. Oslo: Antirasistisk Senter
- Borum, Randy. (2011). Radicalization into Violent Extremism I: A Review of Social Science Theories. *Journal of Strategic Security*, 4(4), s. 7-36. University of South Florida Board of Trustees. Henta frå <https://www.jstor.org/stable/10.2307/26463910>
- Capellan, Joel A. (2015). Lone Wolf Terrorist or Deranged Shooter? A Study of Ideological Active Shooter Events in the United States, 1970-2014. *Studies in Conflict & Terrorism*, 38(6), s. 395-413. <https://doi.org/10.1080/1057610X.2015.1008341>
- Centre for the Prevention of Radicalization Leading to Violence (CPRLV). (2016). *The Process of Radicalization Leading to Violence*. Henta frå https://info-radical.org/wp-content/uploads/2016/08/PROCESSUS_EN_CPRLV_2016.pdf
- Clarke, S. (2002). Conspiracy theories and conspiracy theorizing. *Philosophy of the Social Sciences*, 32(2), 131–150. <https://doi.org/10.1177/004931032002001>
- Clarke, S. (2007). Conspiracy theories and the Internet: Controlled demolition and arrested development. *Episteme*, 4(2), 167–180. <https://doi.org/10.3366/epi.2007.4.2.167>
- Danskin, Ian [Innuendo Studios]. (21.10.19). *The Alt-Right Playbook: How to Radicalize a Normie* [Videoklipp]. Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=P55t6eryY3g>

- Douglas, K. M., Sutton, R. M. & Cichocka, A. (2017). The Psychology of Conspiracy Theories. *Current Directions in Psychological Science*, 26(6), s. 538-542.
<https://doi.org/10.1177/0963721417718261>
- Douglas, K. M., Uscinski, J. E., Sutton, R. M., Cichocka, A., Nefes, T., Ang, C. S. & Deravi, F. (2019). Understanding Conspiracy Theories. *Advances in Political Psychology*, 40(1), 3-35. <https://doi.org/10.1111/pops.12568>
- Døving, Cora Alexa & Emberland, Terje. (2018). Konspirasjonsteorier i det ytterliggående høyrelandskapet i Norge. I Bjørge, Tore. (Red.). *Høyreekstremisme i Norge: Utviklingstrekk, konspirasjonsteorier og forebyggningsstrategier* (177-232). Oslo: Politihøgskolen.
- Ebrahimi, O., Hoffart, A. & Johnson, S. (2020). The mental health impact of non-pharmacological interventions aimed at impeding viral transmission during the COVID-19 pandemic in a general adult population and the factors associated with adherence to these mitigation strategies. *Clinical Psychological Science*. Henta frå <https://doi.org/10.1177/2167702621994545>
- Ekornås, Belinda. (2018). Ekstreme veivalg – en «løsning» for sårbare unge. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (116-129). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Emberland, T., Gabrielsen, H., Skjervø, G. B., Kjær, E. K., Huitfeldt, A., Okkenhaug, A. E., Tørres, L., Løvdahl, S. R., Pedersen, E., Hussaini, M., Libak, I., Frydnes, J., Hoem, A., Lysø, S., Støre, J. G., Brenna, T., Simonsen, K. B., Muuse, H., Sørås, D., Ulstein, H., Valen, S. (2021). *Aldri tie, aldri glemme. En bok fra AUF, ti år etter terroren* (1. utgåve, 1. opplag). Oslo: Arbeidernes Ungdomsfylking.
- Grønnerød, Jarna Soilevou, Andersen, Arnfinn J. & Hellevik, Per Moum. (2016). *Radikalisering og psykisk helse – En kunnskapsoppsummering* (Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress, Rapport nr. 4). Henta frå https://www.nkvts.no/content/uploads/2016/03/Rapport_4_2016_nkvts_net.pdf
- Gule, Lars (2012). *Ekstremismens kjennetegn. Ansvar og motsvar*. Oslo: Spartacus forlag.
- Haanshus, Birgitte Prangerød & Jupskås, Anders Ravik. (2017). Høyreklikk! En analyse av ytre høyre på sosiale medier i Norge. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 02(58), 145-165. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2017-02-01>
- Haanshus, Birgitte P. (2018). Fra gata til data? Ytre høyres aktivisme på internett og sosiale medier. Bjørge, Tore. (Red.). *Høyreekstremisme i Norge: Utviklingstrekk, konspirasjonsteorier og forebyggningsstrategier* (145-175). Oslo: Politihøgskolen.

Helland, Frode. (2019). *Rasismens retorikk: studier i norsk offentlighet*. Oslo: Pax forlag.

Holm-Hansen, Lars. (19.02.2020). Retorikk i dårlig selskap. *Prosa 2020(1)*. Henta frå <https://prosa.no/kritikk/retorikk-i-darlig-selskap>

Hug, Erin C. (2013). The role of isolation in radicalization: how important is it? [Masteroppgåve, Calhoun – Institutional Archive for the Naval Postgraduate School. Monterey, California: Naval Postgraduate School]. Henta frå <http://hdl.handle.net/10945/38949>

Jortveit, Salve Nergården / Kantar. (24.09.2020). *24 timer*.

Jupskås, Anders Ravik & Leidig, Eviane. (Red.). (2020). *Knowing what's (far) right – A compendium*. Oslo: Universitetet i Oslo: C-REX – Center for Research on Extremism. Henta frå <https://www.sv.uio.no/c-rex/english/groups/compendium/index.html>

Keute, Anna-Lena. (14.03.18). Norske studenter blandt de eldste i Europa. *Statistisk sentralbyrå (SSB)*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/norske-studenter-blant-de-eldste-i-europa>

Kim, Eileen. (2021, 30.03). «25 under 25»: Rasisme mot asiater har eksistert lenge. *VG Debatt*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/B19mQl/25-under-25-rasisme-mot-asiater-har-eksistert-lenge>

Kimmel, Michael. (2018). *Healing from Hate – How young men get into – and out of – violent extremism*. Oakland, California: University of California Press.

Klungtveit, Harald S. (2020). *Nynazister blandt oss – på innsiden av den nye høyreekstremismen*. Oslo: Kagge Forlag AS.

Koehler, Daniel. (2014). The Radical Online: Individual Radicalization Processes and the Role of the Internet. *Journal for Deradicalization 1(1)*.

Kolberg, M., Olsson, S. V., Elster, K., Lote, P. A., Mjaaland, O. & Åsali, S. (27.02.2020). Første tilfelle av koronasmitte i Norge. *NRK.no*. Henta frå <https://www.nrk.no/norge/forste-tilfelle-av-koronasmitte-i-norge-1.14920058>

Langset, Kristine Grue. (18.10.11). Frp: Breivik har vært medlem og har hatt verv i ungdomspartiet. *Aftenposten*. Henta frå: <https://www.aftenposten.no/norge/i/g7og9/frp-breivik-har-vaert-medlem-og-har-hatt-verv-i-ungdomspartiet>

Levinsson, A., Miconi, D., Li, Z. Y., Frounfelker, R. & Rousseau, C. (2021). Associations between endorsement of conspiracy theories and sympathy for violent radicalization in

- young adults during the COVID-19 pandemic: moderation by psychological distress. (Ein preprint som skal ut i *The Lancet* etter fagfellevurdering). Henta frå <http://dx.doi.org/10.2139/ssrn.3769250>
- Li, Dennis. (2021, 13.04). Rasisme mot asiatiske gutter blir sett på som en spøk. *Aftenposten SiD*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/sid/i/7KvXL4/rasisme-mot-asiatiske-gutter-blir-sett-paa-som-en-spoek>
- Lillelien, Rikke & Bjørngård, Håkon & Skumsvoll, Nils Fridtjof. (2021, 29.03). Opplever økt rasisme under koronaen: «Ser man like bra ut med skjeve øyne?». *NRK Vestfold og Telemark*. Henta frå <https://www.nrk.no/vestfoldogtelemark/rasisme-mot-personer-med-asiatisk-utseende-1.15437580>
- Luong, Nina Hong Nhung. (2021, 15.04). «25 under 25»: Våre opplevelser med rasisme er ikke hallusinasjoner. *VG Debatt*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/0K8Vdg/25-under-25-vaare-opplevelser-med-rasisme-er-ikke-hallusinasjoner>
- Munger, Kevin & Phillips, Joseph. (2020). Right-Wing YouTube: A Supply and Demand Perspective. *The International Journal of Press/Politics*, 1-34. <https://doi.org/10.1177/1940161220964767>
- Moestue, Cathrine. (2018). Samspillet mellom sårbarhet, indre motivasjon og manipulasjon under radikaliseringsprosessen. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (130-145). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Nes, R. B., Aarø, L. E., Vedaa, Ø. & Nilsen, T. S. (17.12.2020). Livskvalitet og psykisk helse under koronaepidemien november-desember 2020. *Folkehelseinstituttet*. Henta frå <https://www.fhi.no/div/helseundersokelser/fylkeshelseundersokelser/livskvalitet-og-psykisk-helse-under-koronaepidemien--nov-des-2020/>
- Noor, Linda. (2018). Hjemmedyrkede jihadister. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (40-51). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Olsen, Tom. (2018). En gang var jeg nynazist. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (12-21). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Politiets tryggleiksteneste (PST). (01.03.2019). *Temarapport: Hvilken bakgrunn har personer i høyreekstreme miljøer i Norge?*. (17/12585-16). Henta frå <https://www.pst.no/alle-artikler/utgivelser/pst-rapport-om-hoyreekstreme-i-norge/>
- Politiets tryggleiksteneste (PST). (2021). *Nasjonale trusselvurdering 2021*. Henta frå <https://www.pst.no/alle-artikler/trusselvurderinger/nasjonale-trusselvurdering-2021/>

- Porta, Donatella Della & LaFree, Gary. (2011). Guest Editorial: Processes of Radicalization and De-Radicalization. *International Journal of Conflict and Violence*, 6(1), s. 4-10.
Henta frå https://www.start.umd.edu/sites/default/files/publications/local_attachments/LafreeEditorial.pdf
- Regjeringen.no. (12.03.2020). Koronasituasjonen: Pressekonferanse om nye tiltak for å bekjempe koronaviruset. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/pressekonferanse-om-nye-tiltak-for-a-bekjempe-koronaviruset/id2693286/>
- Reinares F, Alonso R, Bjørge T, Della Porta D, Coolsaet R, Khosrokhavar F, Lohkler R, Ranstorp M, Schmid AP, Silke A, Taarnby M, De Vries G. (2008). Radicalisation Processes Leading to Acts of Terrorism – A concise Report prepared by the European Commission's Expert Group on Violent Radicalisation. Rapport til Europakommisjonen. Henta frå <https://gsdrc.org/document-library/radicalisation-processes-leading-to-acts-of-terrorism/>
- Reiss, Ellen. (2018). Radikalisering, ekstremisme og terror. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (62-73). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.
- Reuters. (2020, 18.11). COVID-19 and isolation contribute to radicalisation 'perfect storm', warn UK police. *Reuters*. Henta frå <https://www.reuters.com/article/uk-britain-security-radicalisation-idUKKBN27Y009>
- Ribeiro, M. H., Ottoni, R., West, R., Almeida, V. A. F. & Meira, W Jr. (2019). Auditing radicalization pathways on YouTube. *Proceedings of the 2020 Conference on Fairness, Accountability and Transparency*, 131-141.
<https://doi.org/10.1145/3351095.3372879>
- Schiro, Emma Castillo. (2019). Norsk mediebarometer 2019. *Statistisk sentralbyrå (SSB)*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Sletteland, Anja. (2020). Kritikk: Å male farger med gråblyant. *Samtiden* 128(1), 84-89.
Henta frå https://samtiden.no/wp-content/uploads/2020/03/to_boker_om_rasisme.pdf
- SSB. (2021, 27.04). *Norsk mediebarometer*. Henta frå <https://www.ssb.no/medie> den 27.04.20.
- SSB. (2021). *Statistikk om koronakrisen*. Lasta ned 24.03.21.
<https://www.ssb.no/korona/statistikk-om-koronakrisen>
- Strømmen, Øyvind. (2014). *I hatets fotspor*. Oslo: Cappelen Damm.

Strømmen, Øyvind. (2018). Internett og høyreekstremismen. I Reiss, Ellen & Noor, Linda (Red.). *Radikalisering – Fenomen og forebygging* (30-39). Oslo: Minotenk / Frekk forlag.

Strømmen, Øyvind. (13.08.19). *Inn i mørkret*. Henta frå: <https://www.nrk.no/ytring/inn-i-morkret-1.14658755>

Støren, Kristina Strand. (22.04.20). Mer bekymring og mindre glede etter korona-tiltakene. *Statistisk sentralbyrå (SSB)*. Henta frå <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/mer-bekymring-og-mindre-glede-etter-korona-tiltakene>

Vergani, M., Iqbal, M., Ilbahar E. & Barton, G. (2018). The Three Ps of Radicalization: Push, Pull and Personal. A Systematic Scoping Review of the Scientific Evidence about Radicalization Into Violent Extremism. *Studies in Conflict & Terrorism*, 43(10), S. 854-885. Henta frå <https://doi.org/10.1080/1057610X.2018.1505686>

Vestel, Viggo & Bakken, Anders. (2016). *Holdninger til ekstremisme. Resultater fra Ung i Oslo 2015*. (NOVA Rapport nr. 4/16). Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus.

Vosoughi, Soroush, Roy, Deb & Aral, Sinan. (2018). The spread of true and false news online. *Science*, 359(6380) 1146-1151. <https://doi.org/10.1126/science.aap9559>

Web64 AS. (2021). Nyhetsåret.no/2020. Henta frå <https://xn--nyhetsret-b3a.no/2020>

Wood, Michael. (2013). Has the internet been good for conspiracy theorising? *Psychology Postgraduate Affairs Group (PsyPAG) Quarterly*, (88), 31-34.

Woods E.T., Schertzer R., Greenfeld L., Hughes C., Miller-Idriss C. (2020). COVID-19, nationalism, and the politics of crisis: A scholarly exchange. *Nations and Nationalism*, 26(4), s. 807–825. Henta frå <https://doi.org/10.1111/nana.12644>



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave i sosiologi

SO590-O-2021-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2021 00:00	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	25-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve i sosiologi		
SIS-kode:	203 SO590 2 O 2021 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	211
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	11390
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei